



NVE

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

Bygdinvegen 1989

2940 HEGGENES

Vår dato: 05.08.2025

Vår ref.: 202415400-12 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: SYVHAN - 25/5406

NVE ber om tilleggsinformasjon til søknad om auka vassuttak frå Olevatn i Øystre Slidre i Innlandet

NVE viser til søknad om auka vassuttak frå Olevatn datert 11.9.2024.

Høyringsinnspel og synfaring den 17.6.2025 har vist at søknaden er mangelfull på nokre tema. Kravet om tilleggsinformasjon er heimla i vassressurslova § 23 2. ledd. Kravet er av prosessuell art og ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på.

NVE ber om at de oppdaterer søknaden med følgjande:

Påverknad av vassdraget

- Konsekvensane for vassdraget nedstraums Olevatnet er mangelfullt belyst. Det manglar ei vurdering og forklaring av kva verdiar føreslått minstevassføring skal ivareta, og om løysning for slepp av minstevassføring sikrar tilstrekkeleg kontinuitet i vassdraget.
- Olevatn er eit grunt vatn. NVE ber om eit djupnekart som viser reguleringssona ved ei regulering på 50 cm. Elles gjer vi oppmerksam på at nokre av figurane i den hydrologiske rapporten har falle ut og ber om at dei kjem med i oppdatert søknad.

Påverknad av vasskvalitet

NVE saknar ei vurdering av kva ei auka regulering vil ha å seie for vasskvaliteten til råvatnet. Eit mindre volum i magasinet kan auka omrøring og føre til meir humus i råvatnet.

- NVE ber om ei vurdering av om eit auka vassuttak kan føre til auka behov for reinsing av råvatnet.

Kvantifisering av uttaket

Det blir søkt om å auka uttaket til 40 l/s eller 3640 m³/d, med moglegheit for eit maksimalt uttak på 75 l/s i kortare periodar.

- NVE etterlyser ei kvantifisering av uttaket som eit snittuttak og ei beskriving av kor ofte ein ser føre seg å bruke meir vatn i kortare periodar. Kor stort vil uttaket vere i periodar der Olevatnet er i bruk som reservevasskjelde, utan Mellsenn. Me ber om eit estimert samla

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

uttak gjennom året. Det må tydeleggjerast kva som er normalbehovet, og kva som er behovet i høgsesong for turisme.

Alternative løysningar.

Vassressurslova I § 23 i tredje ledd:

«Hvis et vassdragstiltak kan volde vesentlige skader eller ulemper, skal det legges vekt på å få utredet aktuelle alternativer som har en annen lokalisering, andre tekniske løsninger eller en annen utforming. Hvis tiltaket vil ha betydning for disponeringen av vassdraget for øvrig, skal det legges vekt på å klarlegge slike følger»

- NVE saknar ei betre forklaring for kvifor ein vel dette alternative framfor tidlegare utgreidde vassforsyningsplanar i Øystre Slidre kommune. Er andre råvasskjelder i nabokommunen vurdert?
- NVE saknar ei forklaring for kva tiltak kommunen set inn for å redusere vassforbruket i periodar med vassmangel.

Avbøtande tiltak

Søklar har vurdert at § 12 i vassforskrifta kjem til anvending i saka. For at ny aktivitet eller nye inngrep som medfører at miljømåla ikkje blir nådde, kan godkjennast, skal alle praktisk gjennomførbare tiltak settast inn for å avgrense negativ utvikling i vassforekomsten sin tilstand.

- NVE saknar fleire tiltak for å avgrense negativ utvikling av miljømåla.

Ander forhold

Fleire som har kome med uttale er bekymra for konsekvensane for seterdrifta og beitenæringa i området.

- NVE ber om ei vurdering kring vassuttaket sin påverknad på seterdrifta og beitenæringa i området.

Ekspropriering

Kommunen søker om oreigning av nødvendige rettigheter. Vi informerer om at kommunen må levere ein konkret søknad om oreigning for at denne delen av søknaden kan vurderast. Og at forsøk på å inngå minnelege avtalar skal vere gjort.

Med helsing

Silje Aakre Solheim
seksjonssjef

Anders Kvaløy Olsen
seniorrådgjevar

Dokumentet sendast utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE